



# Tverrfagleg samarbeid i skulen

– god og trygg skulekvardag for alle elevar



UTDANNINGS  
FORBUNDET





Denne brosjyra er blitt til i samarbeid mellom Utdanningsforbundet og Fellesorganisasjonen (FO).

Målet er å klargjere nokre område der tverrfagleg samarbeid kan gje gode resultat i skule. Brosjyra viser tre ulike måtar miljøterapeutar jobbar på i skular i dag. Desse ulike stillingstypene er komplementære til kvarandre, og kan også kombinerast. Brosjyra viser ulike arbeidsoppgåver miljøterapeut kan utføre åleine og i samarbeid med lærarar.

Utdanningsforbundet og FO er samde om at lærarar ikkje skal erstattast av andre faggrupper i skulen. I dag er det slik at mykje av arbeidet med dei mest sårbare elevane er utført av assistentar utan relevant utdanning. Vi meiner dette kan hindre god måloppnåing for elevane, og at skulen treng tilsette med supplerande kompetanse til lærarane, for å sikre best mogleg resultat i arbeidet med desse elevane.

*Begge organisasjonar har ein politikk for tverrfagleg arbeid i skulen:*

«Vår profesjonalitet skal være avgrenset av vår faglige og pedagogiske kunnskap, vårt yrkesansvar og den tiden vi har til rådighet. Andre profesjoner må ha som oppgave å utføre arbeid som støtter opp under det lærings- utviklings- og dannelsesarbeidet som lærere og førskolelærere har hovedansvaret for.»

*Utdanningsforbundet: Verdier og prinsipper LM 2009*

«For å imøtekomme endrede behov er det viktig med tverrfaglig kompetanse i utdanningssystemet. Helse- og sosialfaglig kompetanse på minst bachelornivå er et viktig supplement til den pedagogiske kompetansen. Tverrfaglig kompetanse vil bidra til å oppnå ønsket om reell tilpasset opplæring, tilrettelegge for bedre utbytte av undervisningen og til sosial utjevning.»

*Fra FOs skolepolitiske plattform*

*Definisjon:* Ein miljøterapeut i skule har bachelor som barnevernpedagog, vernepleiar eller sosionom og arbeider for elevar si positive endring og utvikling gjennom arbeid med tilrettelegging av læringsmiljø, psykososiale faktorer og utviklingsstøttande tiltak.



# 1. Miljøterapeut som arbeider forebyggende på skule

– ein tilgjengelig ressurs på skulen for elever, lærarar, leiing og foreldre, som har kompetanse innen psykososialt arbeid og på arbeid med elevar med funksjonsutfordringar av fysisk, psykisk eller sosial karakter.

## Døme på arbeidsoppgåver:

### Individnivå:

Ta raskt tak i bekymringar lærar eller andre har for enkeltelevar ved å:

- Kartlegge kva som er med å påvirke eleven sine utfordringar saman med lærar, foresatte og elev
- Sette opp konkrete mål og tiltak i samarbeid med elev, foresatte og lærar
- Samarbeide med lærar og andre for å tilrettelegge for betre læringsbetingelsar i undervisningssituasjonen til eleven
- Vere tilstades i undervisningssituasjon for å lage til og sette i gang støtte-tiltak som dagsplan, teiknøkonomi-system eller liknande. Følg opp dette over tid.
- Ta med elev på meistringsaktivitet – alternativ opplæring
- Samarbeide med heim for positiv endring og utvikling, foreldrerettleiing og støtte

- Følg opp bekymring for eleven overfor skulen sine samarbeidspartnarar – tverretatleg arbeid
- Samtale med elevar regelmessig eller etter behov

### Gruppenivå:

- Planlegge og gjennomføre gruppetiltak med mål om å bedre relasjonar, styrke sosial kompetanse, hindre negativ utvikling, påvirke moralsk utvikling, styrke sjølvkjensle m.m.

### Klassenivå:

- Observere og kartlegge klassemiljø
- Vere ein samarbeidspartner for lærarar for å sikre godt læringsmiljø i klassa – veiledning og aktiv støtte
- Saman med lærar planlegge og gjennomføre tiltak for heil klasse med mål om å betre relasjonar, styrke sosial kompetanse, hindre negativ utvikling, påvirke moralsk utvikling, styrke sjølvkjensla til elevar m.m.



### Skulenivå:

- Drive regelmessige alternative aktiviteter som elever kan delta i ved behov, eller etter plan
- Vere ein tydeleg og tilgjengeleg vaksen med kompetanse på psykisk helse og sosiale utfordringar for elevane på skulen
- Vere med å planlegge og gjennomføre skuleomfattande tiltak for godt psykososialt miljø
- Vere med å planlegge og gjennomføre temabaserte foreldremøter
- Drive veiledningsgrupper for assistentar og lærarar innan miljøterapeuten sitt kompetansefelt
- Vere med på å kvalitetssikre arbeidet i SFO gjennom observasjon, tilrettelegging og veiledning
- Delta i sos.ped./spes.ped.team på skulen
- Samarbeide med PPT, skulehelsetenesta og barnevernet om aktuelle saker og prosjekt
- Delta i kommuneomfattende prosjekt for å styrke tilbudet til elevgruppa

## 2. Miljøterapeut som arbeider med elevar på bakgrunn av sakkyndig vurdering/enkeltvedtak

– ein person med særskilt kompetanse på arbeid med elevar med funksjonsutfordringar av fysisk, psykisk eller sosial karakter, som arbeider med eleven i eller utanfor klasserommet.

### Døme på arbeidsoppgåver:

- Følge opp anbefalingar frå sakkyndig vurdering
- Åtferdsendrande tiltak
- Sosial ferdighetstrening
- Medvirke til utarbeiding og gjennomføring av støttetiltak som dagsplan og vekeplan for enkeltelever
- Vere med å utforme og følge opp IOP
- Veiledning av heimen og dei som jobbar med eleven, innanfor miljøterapeuten sitt kompetanseområde
- Psykososiale tiltak i gruppe, klasse
- Alternative aktiviteter – alternativ opplæring, som t.d. turgruppe, praktisk arbeid e.l.
- Tverrfagleg samarbeid
- Tverretatleg samarbeid
- Delta i ansvarsgruppemøte



### 3. Miljøterapeut i tverrfagleg, ambulans, kommune-omfattande team

– ein ressurs for skulane i kommunen med brei kompetanse innen psykososialt arbeid og arbeid med elevar med funksjonsutfordringar av fysisk, psykisk eller sosial karakter.

Då teama jobbar på alle skulane i kommunen etter henvisning ved behov, kan desse også sikre at gode erfaringar blir delt mellom skulane. Det kan også vere ein styrke å få inn nokon utanfrå skulen i ulike situasjonar for å få eit anna overblikk i sakene.

#### Døme på arbeidsoppgåver:

##### Individnivå:

Ta raskt tak i bekymringar lærar eller andre har for enkeltelevar ved å:

- kartlegge kva som er med å påvirke eleven sine utfordringar
- Sette opp konkrete mål og tiltak i samarbeid med elev, foresatte og skule
- Veilede lærar og assistent for å tilrettelegge for betre læringsbetingelsar i undervisningssituasjon
- Vere tilstades i undervisningssituasjon for å lage til og sette i gang støttetiltak som dagsplan, teiknøkonomisystem eller liknande.
- Følge opp dette over tid.
- Ta med elev på meistringsaktivitet – alternativ opplæring

- Samarbeide med heim for positiv endring og utvikling, foreldrerettlegg og støtte
- Følge opp bekymring for eleven overfor skulen sine samarbeidspartnarar – tverretatleg arbeid
- Samtale med elevar regelmessig eller etter behov

##### Gruppenivå:

- Planlegge og gjennomføre gruppetiltak med mål om å bedre relasjonar, styrke sosial kompetanse, hindre negativ utvikling, påvirke moralsk utvikling, styrke sjølvkjensle m.m.



### Klassenivå:

- Observere og kartlegge klassemiljø
- Vere ein samarbeidspartner for lærarar for å sikre godt læringsmiljø – veiledning og aktiv støtte
- Saman med lærar planlegge og gjennomføre tiltak for heil klasse med mål om å bedre relasjonar, styrke sosial kompetanse, hindre negativ utvikling, påvirke moralsk utvikling, styrke sjølvkjensla til elevar m.m.

### Kommuneomfattande nivå:

- Veilede andre skuletilsette miljøterapeutar individuelt eller i gruppe
- Kurse lærarar og assistentar innanfor miljøterapeuten/teamet sitt kompetansefelt
- Delta i ulike kommuneomfattande samarbeidsprosjekt som er relevant for aldersgruppa ein jobbar med

**Gode resultat i arbeid med elevar forutset samarbeid om mål, planlegging, refleksjon og vurdering!**



